

Etiske retningslinjer for Os kommune

Vedtekne av Os kommunestyre 29.03.2011

Målgruppe: Tilsette og folkevalde i Os kommune

1. Prinsipp

Ein grunnleggjande føresetnad for samhandlinga vår med innbyggjarane er tillit til kommunen og dei avgjerdene som vi tek.

Alle skal av den grunn utføra oppgåvene sine og opptre på ein rettskaffen, korrekt, ansvarsfull og respektfull måte som tek vare på tilsette og omdøme til kommunen, og som sikrar tillit hos innbyggjarane.

I all vår vandel skal vi leggja til grunn visjon, misjon og verdiar gjevne i Os inspirerer. Sentrale prinsipp for verksemda er gjevne i styringshandboka til Os kommune.

2. Lover og reglar

Tilsette og folkevalde i Os kommune forvaltar fellesskapet sine ressursar, og pliktar derfor å arbeida for det beste for fellesskapet og i tråd med lover, reglar, kommunen sitt verdigrunnlag og politiske vedtak.

3. Habilitet

Tilsette og folkevalde i Os kommune som tek avgjerder eller som legg til rette for avgjerder, er bundne av reglane i forvaltningslova om habilitet. Dei tilsette og folkevalde skal på eige initiativ varsle leiaren sin om inhabilitet for å kunna verta fritekne frå vidare handsaming av saka. Om ein er i tvil om habiliteten, skal den tilsette/folkevalde drøfta spørsmålet med leiaren sin.

4. Fortruleg informasjon

Tilsette og folkevalde i Os kommune har eit ansvar for at fortruleg informasjon ikkje kjem uvedkomande i hende.

Tilsette og folkevalde i Os kommune har eit ansvar for at fortruleg informasjon ikkje vert nytta til personleg vinning.

5. Møte med innbyggjarane

Tilsette og folkevalde i Os kommune skal møta innbyggjarar og brukarar med respekt. Møta skal vera prega av fagleg kunnskap og godt skjøen.

Det må ikkje skje at private og brukaren sine interesser, eller økonomiske midlar, vert blanda saman.

6. Forbod mot gåver og andre fordelar i tenesta

Tilsette og folkevalde i Os kommune må ikkje sjølve, eller på vegner av andre, ta imot gåver, provisjonar, tenester eller andre ytingar som er eigna til, eller av gjevaren meint, å påverka dei tenestelege handlingane.

Ein må vera særleg merksam på dette i samband med anskaffingar og kontraktsinngåingar. Dette omfattar også alle typar rabattar og gunstige kjøpsvilkår, til dømes knytt til reise og opphald.

Sjølv om gåva ikkje er eigna til å påverka tenesteytinga, skal alle gåver som ikkje er av ubetydeleg verdi, avvisast.

7. Forretningsetiske reglar

Tilsette som driv innan kommunen si forretningsverksemd, har plikt til å setja seg grundig inn i, og etterleva lov og forskrift om offentlege anskaffingar, og kommunen sine retningslinjer på området. Alle innkjøp skal vera føreseielege, gjennomsiktige, kunna etterprøvast og vera basert på likebehandling og god forretningsskikk.

Tilsette i Os kommune kan ikkje levera varer og tenester til den delen av kommunen der dei er tilsette.

Tilsette og folkevalde i Os kommune skal ikkje privat gjera bruk av kommunen sine innkjøps- eller rabattavtalar. Vidare skal ein ikkje kjøpa noko privat frå kommunen sine leverandørar dersom det kan medføra tvil om samanblanding av offentlege og private midlar.

8. Openheit

Det er viktig for Os kommune å framstå som ein open kommune og ein skal derfor gje innsyn i den kommunale forvaltninga, så langt dette ikkje er hindra av teieplikt eller liknande. Dei tilsette i Os kommune skal alltid gje korrekt og tilstrekkeleg informasjon til innbyggjarar, organisasjonar, selskap og andre styresmakter.

9. Ytringsfridom og rett til å varsla

Tilsette har, som alle andre, ein grunnleggjande rett til å delta i den offentlege debatten, òg om verksemda til Os kommune.

Ein bør likevel vera varsam med å gå ut med offentleg kritikk eller informasjon om interne tilhøve, som ikkje på førehand er tekne opp internt, for ikkje å koma i konflikt med lojalitet og teieplikt.

Tilsette har rett til å seia frå om kritikkverdige tilhøve utan at dette skal få negative konsekvensar. Varsling skal skje på forsvarleg vis, og skal normalt takast opp i lina på førehand.

Arbeidsgjevar pliktar å leggja tilhøva til rette for varsling gjennom god informasjon på Intranett kring dette.

10. Sosiale medium

Tilsette skal vera varsame med å uttala seg i sosiale medium (til dømes Facebook, Twitter, blogggar og ulike nettdrøftingar) om tilhøve som gjeld kommunen. Slike medium skal ikkje nyttast i arbeidstida om det ikkje har samband med arbeidet som skal utførast.

11. Bruk av kommunen sitt utstyr

Tilsette i Os kommune skal opptre forsvarleg og fornuftig når det gjeld bruken av kommunen sitt utstyr.

Tilsette skal vera tilbakehaldne når det gjeld å nytta kommunalt utstyr til verksemd som ikkje har direkte tilknytning til fagleg verksemd og administrasjon.

Det vert elles vist til Os kommune sitt reglement for bruk av kommunen sitt IT-utstyr.

12. Konsekvensar

Overtreding av Os kommune sine etiske retningslinjer vil kunna få konsekvensar for vedkomande sitt tilsetjingstilhøve eller engasjementet til kommunen. Gradering av konsekvensar vil avgjerast av kommunen si øverste leiargruppe.